



Statens vegvesen - Region Vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Dato: 21.12.2016
Vår ref.: 2015/1799-10
Saksbehandlar: irevelu
Dykkar ref.:

Innbyggjarinitiativ - Utbetring av Fv 562 og Fv 220 i Askøy

Fylkestinget i Hordaland handsama 14.12.2016, PS 109/2016, «Innbyggjarinitiativ – Utbetring av krysset mellom Fv 562 og Fv 220 på Askøy» og gjorde slikt vedtak:

1. Fylkestinget ser at det er utfordringar for trafikktryggleiken i dette krysset, og at det gjev grunnlag for opplevd utryggleik.
2. Utbetring av dette krysset kan vera aktuelt som eit prosjekt i ein eventuell Askøypakke 2, eller i eit framtidig Plan- og byggeprogram for Hordaland utanom Bergen.
3. Fylkestinget ber om at utval for miljø og samferdsel (MISA) får ei sak om moglege strakstiltak, kva nytte dei kan gje, kostnad, finansiering og framdrift.

Sjå lenkje til saka i Fylkestinget i Hordaland; [PS 109/2016](#)

Med grunnlag i vedtak nr. 3 ovanfor ber me at Statens vegvesen utarbeider eit notat om moglege strakstiltak, kva nytte dei kan gje, kostnad, finansiering og framdrift.

John Martin Jacobsen
leiar

Irene Velure
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.